

# Kontrollutvalet i Sauda kommune



ÅRSMELDING  
2013

---

## INNLEIING

---

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal stå for tilsynet (§77). Kontrollutvalet er eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret».

---

### 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

---

### 2. MEDLEMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2011-2015 har Sauda kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

**Inge Løyning – leiar**  
**Wenche Pleym – nestleiar**  
**Katrine Skorpe**

Varamedlemer:

**1. Egil Bakke**  
**2. Sjur Hatlen**  
**3. Anne Grethe Lindseth**

Katrine Skorpe sit fast i kommunestyret og Wenche Pleym er vararepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har delteke på alle møta. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han har også delteke på alle møta.

---

### 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2013

---

Kontrollutvalet har i 2013 hatt 4 ordinære møte fordelt med to første halvår og to andre halvår.

Utvalet har hatt 21 saker til handsaming, kor 5 saker blei sendt til kommunestyret. 25 saker har blitt lagde fram til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det ei oversikt over saker lagt fram for kontrollutvalet og saker til orientering.

Møta i kontrollutvalet vart haldne for lukka dører fram til 01.07.13. Frå denne dato vart loven endra slik at møta til alle kontrollutval blir no haldne for opne dører. (Kommunelova § 77).

Wenche Pleym deltok på FKT-konferanse på Gardermoen 5. – 6. juni. Inge Løyning og Katrine Skorpe deltok på haustkonferansen til Forum for kontrollutvalg i Rogaland, 7. november i Sandnes.

---

## 4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

---

### 4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

I møtet den 29.04.13 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2012. Utvalet hadde følgjande uttale til rekneskapen:

*Sauda kommune sin årsrekneskap for 2012 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 3,4 millionar.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med rundt 1 million kroner, og at delar av dette er nytta til avsettingar.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2012 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.12.*

*Kontrollutvalet i Sauda har ingen merknader til Sauda kommune sin rekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsbrev og revisjonsberetning.*

Utvalet handsama oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen på møte den 14.10.13. Administrasjonen hadde i eit brev til utvalet gjort greie for korleis dei ulike punkta revisor hadde påpeika var blitt følgt opp.

Skatterekneskapen for 2012 vart lagt fram for utvalet til orientering på møtet den 17.02.13

## 4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sitt vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og endeleg vedteken av kommunestyret i 2013.

Utvalet handsama på møte 14.10.13 rapport frå forvaltningsrevisjon av «Legetenesta» laga av KPMG. I rapporten kom revisjonen med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

■ *For å gjere det meir attraktivt å arbeide ved Sauda legesenter er det viktig å styrke arbeidet med strategisk kompetansestyring. Dette inkluderar å vidareføre arbeidet med etablering av eit interkommunalt samarbeid om legevaksordninga. I tillegg bør ein vurdere å ei meir heilskapleg tilnærming til kompetansestyringa, til dømes etter mal for beste praksis (jf. vedlegg).*

■ *Samtidig er det etter revisor si vurdering vesentleg å vidareutvikle systemiske forhold (organisering og styringsstruktur) knytt til sjølve legesenteret for å gjere legesenteret til ein meir velfungerande arbeidsplass og dermed styrke føresetnadene for å halde på tilsette. For å oppnå dette, er det viktig å gjennomføre tiltak på følgjande område:*

- Vidareutvikle styringskort.....*
- Få på plass eit heilskapleg system for arbeid med HMT.....*
- Styrke internkontrollen.....*
- Styrke ressursar til og betre føresetnadene.....*
- For alle tiltak som vert gjennomført bør ein....*

Rapporten blei handsama av kommunestyret 18.12.13 og kommunestyret har bede rådmannen om oppfølging i februar 2014.

## 4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og vedteken av kommunestyret i februar 2013.

Utvalet har handsama ein rapport frå selskapskontrollar dette året. Rapporten etter kontrollen av Interkommunal Arkiv IKS utarbeida av Rogaland Revisjon IKS blei handsama på møte den 18.02.13. Revisjonen kom med tilrådingar både til selskapet og eigarkommunane. Der tilrådingane til kommunen i stor grad gjaldt opplæring av eigarrepresentantane og habilitetsvurdering av valkomiteen.

Rapporten vil bli følgd opp på møte i utvalet den 17.02.14. Interkommunalt Arkiv IKS ved daglig leiar har i ein e-post gjort greie for at dei i stor grad har etterkomme revisjonen sine tilrådingar.

#### 4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret vedtok å inngå avtale med KPMG AS som revisor i 2012. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til og forlengje avtalen med 1 år.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det har vore ein eller fleire revisorar til stades på to av møta, på eitt møte deltor revisor via telefon. Dei har mellom anna presentert plan for rekneskapsrevisjon og rapporten om Legetenesta. Utvalet har handsama revisor si eigenerklæring.

#### 4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker, mellom anna om personopplysningshandtering, rutinar for anbod, kontraktar og klagehandsaming. Utvalet har og blitt orientert om statlege tilsyn, KOSTRA-tall, Kommunebarometeret, mv.

#### 4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2013:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2013	BUDSJETT 2013
Godtgjersle og driftsutgifter	(ført på1000)	115 000
Revisjonstenester	Ca 310 000	375 000
Sekretariatstenester	141 000	141 000
Sum utgifter (eks.mva.)		<b>631 000</b>

Kontrollutvalet handsama hausten 2013 framlegg til budsjett for kontroll- og tilsyn 2014. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 618 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

#### 4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2013, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore Odd Gunnar Høie.

Sekretariatet har i løpet av 2013 oppgradert sine heimesider. Nå blir mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar lagt ut på heimesidene fortløpande, [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no).

Egil Bakke er vald til representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, med Stian Bjørheim som vara. Bakke deltok på representantskapsmøtet 07.05.13.

---

#### 5. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2013 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram 2 rapportar, administrasjonen og ordførar har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

\*\*\*

Sauda, 17. februar 2014

  
Wenche Pleym

  
Inge Løyning  
Leiar

  
Katrine Skorpe

## VEDLEGG

---

### OVERSIKT OVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

---

#### Saker til handsaming:

- 01/13 Godkjenning av protokoll 19.11.12
- 02/13 Referatsaker 18.02.13
- 03/13 Rutinar/system for personopplysningshandtering i Sauda kommune
- 04/13 Rutinar for anbod, kontraktar og klagehandsaming
- 05/13 Årsmelding for kontrollutvalet 2012
- 06/13 Rapport selskapskontroll – Interkommunalt Arkiv IKS (IKA)
- 07/13 Utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2013
  
- 08/13 Godkjenning av protokoll 18.02.13
- 09/13 Referatsaker 29.04.13
- 10/13 Sauda kommune sin årsrekneskap 2012 – kontrollutvalet sin uttale
- 11/13 Prosjektplan – forvaltningsrevisjon av legesenteret/legetenesta
  
- 12/13 Godkjenning av protokoll 29.04.13
- 13/13 Referatsaker 16.09.13
- 14/13 Revisor si egenerklæring
- 15/13 Budsjett for kontroll og tilsyn 2014
- 16/13 Møteplan for 2014
  
- 17/13 Godkjenning av protokoll 16.09.13
- 18/13 Referatsaker 14.10.13
- 19/13 Oppfølging av årsoppgjersbrev for rekneskapsåret 2012
- 20/13 Plan for rekneskapsrevisjon 2013
- 21/13 Rapport etter forvaltningsrevisjon - Legetenesta

## Saker til orientering:

1. Årsrapport og årsrekneskap for 2012 – frå Skatteoppkrevjaren i Sauda kommune
2. Statusoversikt pr. februar 2013
3. Restanselister for vedtak i formannskap/kommunestyret
4. Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak
5. Medlemsbrev nr. 2/2012 frå FKT
6. Kontrollrapport 2012 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen for Sauda kommune
7. Kommunestyrevedtak 20.02.13, sak 03/13 – Plan for forvaltningsrevisjon
8. Kommunestyrevedtak 20.02.13, sak 04/13 – Plan for selskapskontroll
9. Kommunestyrevedtak 18.04.13, sak 27/13 – Rapport etter selskapskontroll IKA
10. Innkalling – representantskapsmøte 25.04.13 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
11. Innkalling – representantskapsmøte 07.05.13 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat
12. Representantskapsmøte 28.05.13 – Krisesenter Vest IKS
13. Årsmøte 06.06.13 – Ryfylke IKS
14. Statusoversikt pr. april 2013
15. Statusoversikt pr. september 2013
16. Rapport frå FKT-konferansen 2013 (munnleg)
17. FKT-konferansen 2014 i Haugesund, på Rica Maritim
18. Rekneskapsrapport pr. 30.06.13 – kontroll og tilsyn
19. Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m.
20. Kommunebarometeret – tabell 2013
21. Handbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen! (eige hefte)
22. Oppfølging av sak 04/13 – Rutinar for anbod, kontraktar og klagehandsaming, orientering v/rådmannen
23. Statusoversikt pr. oktober 2013
24. Utgifter til rekneskapsrevisjon 2010-2013
25. Haustkonferansen 2013 – Sandnes